

Protokoll styremøte i Valdresmusea AS 2021:4

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Tysdag 22. juni kl. 14.00–15.00

Til stades frå styret: Jan Arild Berg, Jørand Ødegård Lunde, Kristin Gulbrandsen, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Arne Erik Fønhus og Odd Arne Klemmetsrud. Til stades frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten, Anne Marit Noraker og Tove Stubbene.

Sak 8/2021: Leigeavtale

Administrasjonen la fram utkast til leigeavtale mellom Valdresmusea og Valdres Folkemuseum. Utkastet omfattar alle dei bygningar og anlegg som høyrer til eigedommen Valdres Folkemuseum, og som er i bruk i drifta av Valdresmusea. Ein har lagt aksjonæravtalen til grunn for å skille mellom dei pliktene som råkar eigedomsselskapet, og dei pliktene som råkar driftsselskapet.

Vedtak: Styret godkjenner utkast til leigeavtale. Følgjande avsnitt i paragraf 3 vart fjerna:

Husleien knyttet til Administrasjonsbygget er beregnet med bakgrunn i a) finansieringskostnader og b) avkastning på forbrukt egenkapital for utbedringer av tak, vinduer og utstillingsareal foretatt i 2019–2021. Med bakgrunn i finansieringskostnaden (renter og avdrag samt beregnede avskrivninger) er 7 % å være en fornuftig avkastning som dekker Valdres Folkemuseum AS sine faktiske kostnader.

Sak 9/2021: Rekneskap per 31. mai 2021

Rekneskapen viser perioderekneskap for NBF, dei øvrige avdelingane, samt totalt for verksemda – og er samanstillt med tilsvarande periode i 2020. Rekneskapen viser eit resultat av ikkje-forbrukte midlar på kr 115 655.

Vedtak: Styret tek rekneskapsrapporten til orientering

Sak 10/2021 Lundin Energy Norway

Valdresmusea, Valdres folkemusikkarrangement og Lundin Energy Norway har i lenger tid vore i dialog om eit treårig økonomisk samarbeid. I førre styremøte bad ein administrasjonen legge fram ei sak på neste møte, dersom ein meinte det ville vere grunnlag for å gå vidare med saka. Styret i VFAS har òg drøfta saka. Her er det fleire som er skeptiske og som spør seg om eit samarbeid med Lundin kan skade folkekulturens omdøme.

Vedtak: Valdresmusea og VFAS går ikkje i vidare dialog med Lundin Energy Norway